



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2018

Hordaland fylkeseldreråd





# **INNHOLD**

Innleiring .....	4
<b>FYLKESELDRERÅDET I 2018.....</b>	<b>5</b>
Samansetjing av fylkeseldrerådet (FYEL).....	5
Budsjett .....	6
Representantar for brukarutvala i helseføretaka i Hordaland 2017-2019 .....	6
<b>DELTAKING PÅ KURS, KONFERANSAR OG SAMLINGAR/SEMINAR .....</b>	<b>7</b>
Kurs.....	7
Konferansar.....	7
Samlingar/seminar .....	7
<b>MØTE OG SAKSOMRÅDE 2018 .....</b>	<b>8</b>
Saker som det har blitt arbeidd spesielt med.....	8
Rådsmøte .....	8
AU-møte.....	9
Oversikt over høyringsuttaler/innspel i saker .....	9

## **VEDLEGG I**

Uttalar frå Fylkeseldrerådet i 2018

## **VEDLEGG II**

Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland Bergen, 6. – 7. november 2018

## **VEDLEGG III**

Vestlandskonferansen 2018, Loen 7. – 8. mai 2018

## **VEDLEGG IV**

Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd, Tromsø 4. – 6. juni 2018

# Innleiing

## Fylkeseldreråd – eit lovpålagt organ

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gitt eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem dei. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedtekne av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

*Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, sin dugleik og sine erfaringar med yngre generasjonar.*

## Eldreråd – eit viktig talerør for dei eldre

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgivande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Det er difor viktig at rådet på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, får innsikt i ulike saker som det vert arbeid med i fylkeskommunen og som vedkjem eldre, slik at rådet kan handsama sakene. Rådet kan også sjølv ta opp saker. Det vert difor lagt vekt på at sakshandsamarar og andre sentrale personar med jamne mellomrom får møta rådet. Rådet er glad for at ein har fått etablert eit godt samarbeid med dei ulike avdelingane i HFK når det gjeld informasjon og orienteringar til rådet.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland, og arrangerer kvart år ein konferanse med eldrefagleg innhald for dei kommunale eldreråda.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2015.

Saksdokument og møteprotokollar frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal (<http://www.hfk.no>) til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet har sitt eige budsjett, noko som gjer det mogleg for rådet å samarbeida med dei kommunale eldreråda og andre fylkeseldreråd. Protokoll frå Fylkeseldrerådet sine møte blir sendt dei einskilde kommunale elderåda.

Medlemmer i Fylkeseldrerådet er representantar og vararepresentantar i brukarutvala i helseføretaka for perioden 2017-2019. Representantane gir tilbakemelding til Fylkeseldrerådet frå brukarmøta, og protokoll frå møta i brukarutvala blir sendt til Fylkeseldrerådet.

# FYLKESELDRERÅDET I 2018

## 2018 – eit aktivt år

Fylkeseldrerådet har i 2018 hatt sju møte med sakshandsaming. Arbeidsutvalet har hatt seks møte med førebuing av saker og sakliste til rådet. Fylkeseldrerådet har i 2018, enkeltvis eller samla, delteke i fleire samlingar og konferansar, og har sjølv arrangert konferanse for alle dei kommunale eldreråda i Hordaland. Rådet har gitt uttale og innspel i fleire politiske saker, både internt i HFK og nasjonalt. Som døme kan nemnast uttale om endring av arbeidsfeltet til pasient- og brukaromboda, om likeverd i HFK, mangel på læringskontraktar i Helse- og omsorg, kollektivstrategi i Hordaland, rutetilboda til Skyss, båttransport i Osterfjorden o.a. Rådet har vore representert i brukarutvala i Helse Fonna, Helse Bergen og brukarutvalet for Haraldsplass Diakonale Sykehus.



## SAMANSETJING AV FYLKESELDRERÅDET (FYEL)

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To representantar er politisk oppnemnde og fem er valde etter forslag frå pensjonistforeiningar i fylket.

### For valperioden 2015 – 2019:

	Funksjon	Representerer	
Kåre Ystanes	leiar	PF	Vara: Gunvor Riim Opdal
Gunda Falao Sparre	nestleiar	LOP	Vara: Svein Njåstad
Martin Monrad Reigstad	medlem	PF	Vara: Eli Nordstad
Inger M. Lingjerde	medlem	PF	Vara: Kari Solberg
Odd Himle	medlem	SN-H	Vara: Egil Haaland

### Politisk valde representantar:

Sunnøye Solbakken	medlem	FL A/SP/SV	Vara: Tore Svendsen m.fl.
Inger Sjong	medlem	FL H/FRP	Vara: Silje Hjemdal

Hausten 2018 har Fylkeseldrerådet blitt leia av nestleiar Gunda Falao Sparre i leiar Kåre Ystanes sitt fråver.

### Sekretariat:

Fylkeseldrerådet har hatt møtesekretær/ sakshandsamar/ rådgjevar som administrativt er knytt til organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Merethe Nordnæs og Berit Dianne Kilvær har delt sekretærfunksjonen frå 1.1.2018. Frå 8.11.2018 overtok Silje Lyngstad som sekretær etter Merethe Nordnæs, som vart overflytta til sekretariatet for Fellesnemda for det nye fylket, Vestland.

**Arbeidsutval:**

Kåre Ystanes (leiar), Gunda Falao Sparre (nestleiar), Merethe Nordnæs (sekretær for utvalet) har fungert som arbeidsutval for fylkeseldrerådet i 2018. Sistnemnde sin funksjon i AU vart frå oktober overteke av Silje Lyngstad.

**BUDSJETT**

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga. Fylkeseldrerådet hadde i 2018 til disposisjon eit budsjett på kr. 420.000. Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, til den årlege konferansen som Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer for dei kommunale eldreråda i Hordaland, til deltaking på konferansar/seminar, til Vestlandssamarbeidet mellom fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, og til den årlege landskonferansen for fylkeseldreråd.

**REPRESENTANTAR FOR BRUKARUTVALA I HELSEFØRETTAKA I HORDALAND  
2017-2019**

	MEDLEM:	VARA:
<b>Helse Vest:</b>	Sogn og Fjordane fylkeseldreråd	Rogaland fylkeseldreråd
<b>Helse Bergen:</b>	Inger Lingjerde	Monrad Reigstad
<b>Haraldsplass diakonale sjukhus:</b>	Gunda Falao Sparre,	Odd Himle
<b>Helse Fonna:</b>	Sunnøve Solbakken	Rogaland fylkeseldreråd

# Deltaking på kurs, konferansar og samlingar/seminar

## KURS

**Fellessamling for brukarutvala under helseføretaka i Helse Vest** (29-30.8.2018). Frå Fyel deltok Inger Lingjerde, Monrad Reigstad og Gunda Falao Sparre.

## KONFERANSAR

### **1. Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland** (7-8.11.2018 i Bergen) i regi av Fylkeseldrerådet i Hordaland

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer kvart år ein to-dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2018 gjekk føre seg på Scandic: Hotell Neptun i Valkendorfsgt. 8 i Bergen.

Konferansen vart opna av nestleiar Gunda Falao Sparre. Fylkesvaraordførar Pål Kårbo helste deltakarane frå fylkeskommunen og frå fylkesordførar Anne Gine Hestetun, som hadde vorten forhindra i siste liten. Helene Reigstad stod for musikalisk innslag ved opninga. Hovudtema for konferansen var god ernærings for eldre, både heime, på sjukeheim og på sjukehus.

Første dag vart avslutta med felles middag. Konstituert fylkesrådmann Ingrid Kristine Holm Svendsen helste deltakarane og heldt tale. Under middagen var det kulturinnslag ved Øyvind Offerdal.

Program for konferansen: Sjå vedlegg II

### **2. Vestlandskonferansen 2018** (7-8.5.2018)

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid ved at dei har skifta på å vera vertskap for ein felles konferanse eller ein studietur. I 2018 var Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane vert for konferansen, som vart halden i Loen.

Program for konferansen: Sjå vedlegg III

### **3. Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2018** (4-6.6.2018)

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet. I 2018 fann landskonferansen stad i Tromsø.

Program for konferansen: Sjå vedlegg IV

## SAMLINGAR/SEMINAR

Enkeltmedlemmer i Fylkeseldrerådet har vore til stades på følgjande samlingar/eksterne møte:

- 15.06.2018 Konferanse om likestilling i Hordaland fylkeskommune. Inger Sjong deltok frå FYEL.
- 29-30.8.2018 Samling for representantar i brukarutvala i Helse Vest. Inger Lingjerde, Monrad Reigstad og Gunda Falao Sparre deltok frå FYEL.
- 15.11.2018 Lansering resultat av folkehelseundersøkinga i Hordaland. Inger Sjong møtte for fylkeseldrerådet.
- 28-29.11.2018 Fylkesmannen si samling på Voss for oppstart av reforma "Leve hele livet". Odd Himle deltok frå FYEL.

# Møte og saksområde 2018

Fylkeseldrerådet har i 2018 hatt sju rådsmøte og handsama ti større saker. Rådet har gjeve uttale til høringsframlegg og innspel i saker der dette har vore spurt etter. Rådet har også teke opp saker som det har fått kjennskap til ved brev og innspel til rådet. Rådet har også fremja saker som det har initiert sjølv. Arbeidsutvalet (AU) har hatt seks møte, som dels har vore telefonmøte for å spare reiseutgifter.

## SAKER SOM DET HAR BLITT ARBEIDD SPESIELT MED

- Informasjon om dei ulike saksfelta fylkeskommunen arbeider med ved at sakshandsamarar frå ulike avdelingar har halde orienteringar i fylkeseldrerådet.
- Diverse uttalar (sjå vedlegg I).
- Diverse saker med innspel til Skyss, mellom anna kollektivtrafikken; buss, båt og bane.
- Innspel i samband med regionreforma, til dømes Fylkeseldreråda som eige råd i dei nye regionane.
- Innspel i samband med forslag om at tannhelse skal bli eit kommunalt ansvar.
- Foreslått nedlegging av båtruter til veglause grender på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås.
- Endra reglar frå Helse Vest om forslagsrett om representasjon i regionale brukarutval.
- Justering av Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2015-2019.
- Årsmelding 2018.

## RÅDSMØTE

### 11.01.2018

Foreslått nedlegging av båtruter til veglause grender på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås. Endra reglar frå Helse Vest om forslagsrett om representasjon i regionale brukarutval. Revisjon av Handlingsplan 2015-2019. Årsmelding 2017 vedteke.

### 15.03.2018

Orientering frå regionsavdelinga v/ Marit Rødseth om planarbeidet i Hordaland fylkeskommune. Status for mammografibussen i Nordhordland. Framlegg til Skyss om støtte til forslag frå Haraldsplass diakonale sjukehus om å endra namn på busshaldeplassen i Årstadveien. Vedtak om å gje kommentarar til spørjeskjema i samband med folkehelseundersøking i Hordaland. Start planlegging av Fylkeseldrerådet sin eldrerådskonferanse 2018.

### 24.05.2018

Presentasjon om regionsreforma v/ Thorbjørn Aarethun frå prosjektsekretariatet. Orientering om mat og ernæring for eldre v/ Liv Stray Breistein, rådgjevar i Byrådsavdeling for helse og omsorg i Bergen kommune. Serviceliner i Bergen. Forslag til saker til den nasjonale fylkeseldrerådskonferansen.

### 06.09.2018

Hege Østgaard, Haraldsplass diakonale sjukehus, orienterte om ernæringsutfordringar hos eldre og eit kosthald for god helse. Torbjørn Brosvik, Statens vegvesen region vest, presenterte kurstilbodet Bilførar 65+. Økonomi for fylkeseldrerådet for året 2019. Nye ruter Skyss Nordhordland. Vedtak om kommentar til saka om Endringar i programområde – investerings-program for fylkesvegnettet 2018.

### 27.09.2018

Orientering om budsjett 2019 for Hordaland fylkeskommune og for fylkeseldrerådet v/ Nils Erik Vetlesand, direktør for økonomi og organisasjon. Oppnemning av representant til brukarutvalet i Helse Fonna og i Helse Bergen. Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger - Knappskog (veglause grender).

### 08.11.2018

Orientering om tannhelsetenestene i Hordaland fylkeskommune v/ fylkestannlege Arne Åsan, som også svara på spørsmål fylkeseldrerådet hadde sendt inn på førehand. Vedteke å uttale seg til Plan om likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune. Evaluering av fylkeseldrerådet sin eldrerådskonferanse 6-7 november. Start planlegging av program til Vestlandskonferansen 2019. Start planlegging av fylkeseldrerådet sin eldrerådskonferanse 2019.

**04/12-2018:**

Orientering fra Skyss v/ Målfrid Vik Sønstabø og svar på spørsmål som var sendt inn på førehand. Vedtak av høyringsuttale til etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod. Oppmoding til politikarane i fylkesutvalet i samband med "Tilbodssstruktur 2019/20" (klassesaka).

**AU-MØTE**

16.02.2018:	Førebuing mm. til FYEL-møte 15.03.2018
30.04.2018:	Førebuing mm. til FYEL-møte 24.05.2018
17.08.2018:	Førebuing mm. til FYEL-møte 06.09.2018
18.09.2018	Førebuing mm. til FYEL-møte 27.09.2018
30.10.2018:	Førebuing mm. til FYEL-møte 08.11.2018
20.11.2018:	Førebuing mm. til FYEL-møte 04.12.2018

**OVERSIKT OVER HØYRINGSUTTALER/INNSPEL I SAKER**

Fylkeseldrerådet har i 2018 mellom anna gjeve uttale/innspel i følgjande saker (for uttaletekstane, sjå vedlegg I):

- Kommentar til sak om endringar i programområde – investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018.
- Uttale om plan for likeverd og likestilling i HFK.
- Handlingsprogram 2019-2020. Kollektivstrategi for Hordaland.
- Justering av tilbodssstrukturen 2019/2020 (klassesaka). Oppmoding til medlemmene i fylkesutvalet.
- Høyringsuttale til etablering av Nasjonalt eldre-, pasient- og brukarombod.

# Vedlegg I

**UTTALAR FRÅ FYLKESELDRERÅDET I 2018**

# UTTALAR 2018

## 1. KOMMENTAR TIL SAK OM ENDRINGAR I PROGRAMOMRÅDE – INVESTERINGS- PROGRAM FOR FYLKESVEGNETTET 2018.

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 06.09-18 i sak PS 41/18 å gi denne kommentaren:

Fylkeseldrerådet støttar vedtak som i varetar tiltak mot alle trafikkantar for sikrare trafikk, og spesielt tiltak retta mot myke trafikkantar.

## 2. UTTALE OM PLAN FOR LIKEVERD OG LIKESTILLING I HFK

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 08.11-2018 i sak PS 59/2018 å uttala seg. Følgjande uttale vart gitt:

Fylkeseldrerådet handsama rapport vedr. Plan for likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune under sak 59/18 på møte den 08.11.2018.

Fylkeseldrerådet er svært nøgd med at Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein så omfattande handlingsplan for likeverd og likestilling. Og for at fylkeskommunen har forplikta seg til å intensivera det viktige området likeverd og likestilling gjennom å undertekna det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet. Vidare, at fylkeskommunen har forplikta seg til at dette skal vera ein forpliktande prosess og ein prioritert del av arbeidet med alle dei fylkeskommunale planar og styringsdokument.

Fylkeseldrerådet vil påpeika faren for eventuelt manglende oppfølging i ein del av dei fylkeskommunale einingane, og at likeverdsplan gjerne ikkje blir følgt godt nok opp i lokale HMS-planar, reglement og rutinar.

### **Arbeidsgjevarperspektivet**

Det er særskilt viktig at det frå øverste leiing vert stilt krav til den einskilde leiar om å ta ansvar for dette arbeidet og at ein synleggjer at det er nulltoleranse for mobbing og alle formar for trakkassering og forskjellshandsaming pga kjønn og funksjonsevne, i heile fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet vil særskilt påpeika at eldre arbeidstakrar ikkje må oppleva diskriminering eller utfrysing og at ein prøver å få fleire kvinner inn i leiarstillingar også gjennom interne opprykk. Det må også vera eit mål at alle deltidstilsette som ønskjer det, får sjansar til auka stillingsgrad. Dette bør ein vera særskilt merksam på når det gjeld omstillingsprosessar.

### **Universell utforming**

Vidare vil eldrerådet, på ny, få presisera at alle fylkeskommunale einingar må tilretteleggast for funksjonshema, som svaksynte/ blinde, rullestolsbrukarar, rørslehemma, eldre og andre som har trong for tilrettelegging. Dette må omfatta alle

offisielle bygningar, transportmidlar, haldeplassar, gang- og sykkelstiar mv., og er eit arbeid som må prioriterast.

### **3. HANDLINGSPROGRAM 2019-2020. KOLLEKTIVSTRATEGI FOR HORDALAND**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 04.12-2018 i sak PS 70 /2018 å uttala seg. Følgjande uttale vart gitt og sendt til Fylkestinget:

Fylkeseldrerådet handsama i møte 4.12.2018, under sak PS 70/18,  
Handlingsprogram kollektivstrategi for Hordaland 2019-2022.

Kollektivtransporten i Hordaland er eit område som Fylkeseldrerådet er spesielt oppteken av. Dei løysingane som vert vedtekne har mykje å seia for eldre menneske, spesielt for dei som ikkje disponerer eigen bil. Servicelinene i Bergen og konkurranseutsetjing av rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord er døme på saker fylkeseldrerådet har hatt føre seg fleire gonger. Sakene har vore handsama i Utval for Miljø og Samferdsle og i Fylkesutvalet og Fylkestinget utan at Fylkeseldrerådet har fått høve til å uttala seg under vegs.

Fylkeseldrerådet gjorde einstemmige vedtak i begge desse sakene (sjå nedanfor), som mellom anna vart handsama i Utval for miljø og samferdsle i deira møte den 17.10.18 under sak PS 110/18 og 111/18).

#### **1. Vedtak Servicelinjene i Bergen**

Bergen eldreråd og Fylkeseldrerådet har tidlegare engasjert seg i servicelinjene i Bergen og bede om fleire linjer. Servicelinjene gjer eldre utan eige transportmiddel betre mogleikheit til å klara seg sjølv heime, og det er stadig fleire eldre som bur heime lenger. Fylkeseldrerådet meiner dette er ei særskilt sak som skulle ha vore lagt fram før rådet før vedtak, og vi krev å verta tekne med i den vidare utgreiinga av framtidige behov.

#### **2. Vedtak Konkurranseutsetjing av rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord**

Fylkeseldrerådet vil krevje å bli tekne med på råd i forkant av at det vert utlyst tilbod på store rutepakkene som kan få konsekvensar for strukturen av rutemønsteret eller noverande ruter i området.

Fylkeseldrerådet er uroa for at konsekvensane kan verte eit dårlegare rutetilbod for gjennomgåande ruter på tvers av bydelane i Bergen.

### **4. JUSTERING AV TILBODSSTRUKTUREN 2019/2020 (klassesaka). OPPFORDRING TIL MEDLEMMENE I FYLKESUTVALET**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte 04.12.2018 i sak PS 71/18 å uttala seg. Følgjande uttale vart gitt:

## **Justering av tilbodsstrukturen 2019/20 (klassesaka) Oppfordring til medlemmene i Fylkesutvalet**

Fylkeselderådet viser til sak PS 287/18 i fylkesutvalets møte den 6/12-2018; klassesaka.

Fylkeseldrerådet er oppteke av rekruttering til utdanning i helse- og omsorgssektoren og rekruttering til stillingar i denne sektoren, som til dømes personale til lokale sjukeheimar og lokale heimetenester. Rådet trur at dette er noko også kommunane i fylket er oppteke av.

Som kjent, er det fylkeskommunen som har ansvaret for den teoretiske fagutdanninga i helsefaget, mens det er bedriftene som må tilby dei lærlingplassane som er naudsynte for at elevane skal få fullført utdanninga si og ta fagbrev.

Men det er eit problem i fagutdanninga at det er mangel på lærlingplassar i mange fagområde, noko som er omtalt og tydelig vist i oversikta på side 9 i saksdokumentet. I helsearbeidar er det 25 færre lærekontraktar i 2018 enn i 2017, og i 2018 er det 237 fleire elevar i Vg2 enn det er lærekontraktar. Helsearbeidar er det fagområdet som har størst sprik mellom elevtal i Vg2 og talet på lærekontraktar. Fylkeseldrerådet er uroa over denne situasjonen.

Fylkeseldrerådet veit at opplæringsavdelinga i samarbeid med fagopplæringa har lagt ned mykje arbeid for å skaffa lærlingplassar i yrkesfaga. Men som oversikta i saksdokumentet viser, trengst det fleire.

Fylkeseldrerådet oppfordrar kvar enkelt medlem av Fylkesutvalet til sjølv, og saman med politikarkolleger, gjerne på tvers av partigrensene, å arbeida aktivt i sine heimkommunar for å motivera aktuelle bedrifter til å ta inn lærlingar, og då særleg kommunale bedrifter innanfor helse- og omsorgsfeltet.

### **5. HØYRINGSUTTALE TIL ETABLERING AV NASJONALT ELDRE-PASIENT- OG BRUKAROMBOD**

#### **Høyningsuttale – Tilleggsnotat av 7.12.2018 til forslag om å etablera Nasjonalt Eldre- pasient- og brukarombod**

Det vert vist til invitasjon datert 2/10-2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet til Fylkeseldreråda og andre om å uttala seg til forslag om å etablera eit nasjonalt Eldre- pasient- og brukarombod. Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama forslaget i møte den 4/12-2018. Før ein rakk å senda inn uttalen, kom det i skriv datert 7/12-2018 informasjon om at høyningsinstansane kunne sjå bort frå å uttala seg om forslaget om å oppretta eit nasjonalt eldre- brukar- og pasientombod. I staden er høyningsinstansane bedne om å uttale seg til forslag om å etablera *"en tydelig felles retning, prioritering og koordinering av arbeidet hos de ulike pasient- og brukerombudene."* Vidare at *"et av dagens pasient- og brukerombud skal ha denne rollen."*

Uttalen nedanfor er basert på tilleggsnotatet av 7/12-18 når det gjeld endringar i kva høyningsinstansane skal uttala seg om, men også på høyningsbrevet datert 2/10-2018 når det gjeld kva som ikkje er endra frå det første høyningsbrevet.

### ***Samordnande rolle lagt til eit av ombodskontora***

Fylkeseldrerådet i Hordaland ser også positivt på at styresmaktene vil fokusera meir på korleis befolkninga opplever møtet med helsetenestene og i den samanheng eventuell kontakt med dei lokale pasient- og brukarutvala. Rådet er difor positivt til forslaget om at eit av dagens pasient- og brukarutval skal ha ei samordnande rolle overfor dei andre omboda i von om å oppnå sams arbeidsmetodikk og praksis landet over. Ei slik samordning vil, slik fylkeseldrerådet ser det, føra til at brukarane får større tryggleik for at saka deira blir handsama likt same kva for eit fylke dei bur i.

*Men Fylkeseldrerådet i Hordaland ser det som ein stor svakheit ved forslaget at ikkje også dei private tilbydarane av helsehjelp skal koma inn under omboda sine arbeidsområde. Dette vil bli nærmare grunngitt seinare i denne høyningsuttalen.*

### ***Val av alternative løysingar for den samordnande rolla***

I tilleggsnotatet av 7/12-2018 har departementet gitt tre alternative måtar å organisera den samordnande rolla på: at ansvaret for å samordna pasient- og brukaromboda sin praksis blir lagt fast til eitt utvald ombod, at den samordnande rolla blir å rullera mellom dei ulike omboda, eller at Helsedirektoratet skal ha den samordnande rolla i samarbeid med pasient- og brukaromboda.

#### *Alternativ 1 og 2*

Fylkeseldrerådet i Hordaland ser fordelar med både dei to første alternativa, og meiner at pasient- og brukaromboda som kollegium sjølve må få avgjera kva for ei løysing dei ønskjer, ambulering mellom omboda eller at samordninga vert lokalisert til eitt ombod.

Men dersom den samordnande rolla blir lagt til eitt bestemt kontor, så må dette kontoret få auka ressursar. Sett frå vår synsstad vil det også vera ein føremoen at kontoret *ligg utanfor hovudstaden* for å ivareta den uavhengige rolla til det samordnande pasientombodet.

#### *Alternativ 3: Helsedirektoratet som samordnande instans*

Fylkeseldrerådet i Hordaland går ikkje inn for dette alternativet fordi det i ein slik modell kan verda vanskeligare å halda den samordnande oppgåva nøytral og utan påverknad av nærleiken til det sentrale styringsapparatet.

#### *Helsedirektoratet som utgreiar for dei ulike løysingane*

Sjølv om alternativ 1 eller 2 blir valt, kan det likevel vera naturleg å gje direktoratet oppgåva med å utgreia vidare korleis ordninga bør organiserast innanfor lovverket og kva for funksjonar som skal liggja i den koordinerande rolla. *Men dette arbeidet må skje i nært samarbeid med pasient- og brukaromboda, uavhengig av kva for modell som blir valt for samordninga.*

### ***Tannhelse***

Fylkeseldrerådet i Hordaland er spesielt nøgd med at pasient- og brukaromboda sitt arbeidsfelt no også skal omfatta tannhelse, og at ein ved det har følgt tilråding frå

Ariansonutvalet. Rådet vonar at ein med tida kan få utvida arbeidsfeltet til all tannhelseteneste utan omsyn til kven som står for tannhelsetenesta.

I høyringsdokumentet blir det også nemnt at nokre kommunar skal få prøva ut communal tannhelseteneste. Fylkeseldrerådet i Hordaland har tidlegare gått i mot at den offentlege tannhelsetenesta skal leggjast over frå fylkeskommunane til kommunane, og har ikkje endra syn på dette. Rådet er difor glad for at tannhelsetenesta i alle høve no skal inn under arbeidsområdet til pasient- og brukaromboda og vil dekkja heile fylkesregionar. *Det kan såleis bli meir fokus på at tannhelse faktisk er ein viktig del av den enkelte si helse.*

### ***Informasjonsplikta***

Fylkeseldrerådet i Hordaland merkar seg, og seier seg glad for, at høyringsdokumentet av 2/102018 så sterkt framhevar helseinstitusjonane sin plikt til å informera pasientar og brukarar om klageretten og andre rettar dei har ifølgje "Lov om pasient- og brukerrettigheter", til dømes rett til å søkja erstatning, og at informasjonsplikta no også skal omfatta tannhelsetenesta. Vidare at informasjonsplikta også gjeld for kommunar og fylkeskommunar.

### **Dei pårørande og retten til informasjon og å bli inkludert**

Fleire stader i høyringsdokumentet vert dei pårørande nemnt, og det er bra at dei pårørande si rolle vert lagt vekt på, og at dette kjem fram i lova. Det er ikkje alltid at pasienten/ brukaren/ den eldre sjølv er i stand til å oppfatta all informasjonen, og då er det viktig at den eller dei som er oppført som nærmeste pårørende, får same informasjon som den saka gjeld. *Difor er det viktig at det samordnande pasient- og brukarombodet får som ei av oppgåvene å spesielt sjå til at dei (næraste) pårørande til eldre får same informasjonen som den saka gjeld*, og slik lova krev. Det vil samsvara med tilråding frå Ariansonutvalet om at det burde bli "Bedre oppfølging og ivaretakelse av pasienter, brukere og pårørende, og styrking av deres rettigheter."

### ***SVAKHEITER I FORSLAGET:***

#### ***Ikkje alle utøvarar i helsesektoren er inkludert i ombodsordninga***

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein svakheit i forslaget til arbeidsområde for omboda at ikkje alle tilbydarar av helse- og omsorgstenester er omfatta i ombodsordninga.

I høyringdokumentet vert det på side 4 vist til at Ariansonutvalet i sine tilrådingar ønskte vurdert å utvida pasient- og brukarombodet sitt arbeidsområde til "å gjelde alle helse- og omsorgstjenester, også tannhelsetjenester og rent private tjenester." Når det gjeld forslag til arbeidsområde for pasient- og brukaromboda, er tilrådinga frå Ariansonutvalet følgt opp når det gjeld den offentlege tannhelsetenesta. Men Ariansonutvalet si tilråding er ikkje følgt når det gjeld reint private helsetenester.

I 2015 vart det innført fritt behandlingsval. Ariansonutvalet peikte på at dette skulle tilseia at også dei private tilbydarane burde liggja under pasient- og brukarombodet sitt arbeidsområde. Mange stader kan ein også velja mellom kommunalt eller privat drivne sjukeheimar og også mellom kommunale eller private heimetenester. Nokre private tilbydarar har avtale med det offentlege og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i synspunktet frå Ariansonutvalet om at arbeidsområdet til pasient- og brukarombodet bør omfatta

*alle* dei private tilbydarane, også dei som ikkje har avtale med det offentlege. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at dette vil *sikra rettstryggleiken til pasientar og brukarar*. Når ikkje alle tilbydarar fell inn under pasient- og brukarombodet sitt arbeidsfelt, så blir det vanskeleg for brukarane å orientera seg om kva for ein tilbydar dei kan, og kva for ein dei ikkje kan venda seg til ombodet om, dersom noko uønskt skjer i samband med behandling eller mottak av helse- og omsorgstenester. Ariansonutvalet peiker på dette i følgjande sitat: "Det er lite tilfredsstillende at det er uklart om visse former for helse- og omsorgstjenester faller innenfor det pliktmessige arbeidsområdet. Dette medfører liten forutsigbarhet for de som kunne tenke seg å henvende seg om tjenester på de aktuelle områdene."

### **Kommentar til forslag til lovendringar**

I kapitel 8 i høringsbrevet av 2/10-2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet vert det gitt ein oversikt over forslag til lovendringar. I lovteksten burde det gått klart fram at også *privat helse- og omsorgsteneste med avtale* kjem inn under ordninga.

### **Oppsummering**

Fylkeseldrerådet i Hordaland er spesielt nøgd med at tannhelsetenesta skal inn under arbeidsfeltet til pasient- og brukaromboda, slik Ariansonutvalet tilrådde.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er vidare glad for at det er føreslått at eit av pasient- og brukaromboda skal ha ein samordnande rolle, og meiner at modell 1 eller 2 i forslaget begge har fordelar og ulemper, og at valet mellom dei difor bør bli avgjort av ombodskolleget sjølv. Fylkeseldrerådet i Hordaland går ikkje inn for modell 3.

Fylkeseldrerådet er også nøgd med at det kjem klart fram at dei nærmaste pårørande har rett til informasjon og til å bli involverte, og at informasjonsplikta også gjeld fylkeskommunar og kommunar.

Men Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein svakheit at ikkje *alle* helse- og omsorgstenester er omfatta av arbeidsfeltet til omboda ved at private tenester ikkje er med, og konstaterar at på dette punktet er tilrådinga frå Ariansonutvalet ikkje følgt.

Det er óg ein svakheit at det ikkje går fram av den føreslåtte lovteksten at private tilbydarar av helse- og omsorgstenester *med avtale* også er omfatta av arbeidsområdet til pasient og brukaromboda.

## Vedlegg II

**KONFERANSE FOR DEI KOMMUNALE ELDRERÅDA I HORDALAND,  
BERGEN 6. – 7. NOVEMBER 2018**

Helsing dag 1 ved opninga var ved fylkesvaraordførar Pål Kårbo. Innleiarar under tema eldreråd presenterer seg, var Ola T. Sekse frå Odda eldreråd og Bjørn Sivertsen frå Os eldreråd.



## ELDRERÅDSKONFERANSEN 2018

for kommunale eldreråd i Hordaland

**TYSDAG 6. – ONSDAG 7. NOVEMBER**

**Scandic Neptun, Bergen, Valkendorfsgate 8, Bergen**

---

### TYSDAG

Kl. 10.30 Registrering

Kl. 11.00 Velkommen  
v/Gunda Falao Sparre, nestleiar i fylkeseldrerådet

Kl. 11.05 Helsing  
v/Anne Gine Hestetun, fylkesordførar

Kl. 11.15 Musikalsk innslag v/Helene Reigstad

Kl. 11.25 **Eldre og ernæring**

v/Hege Østgaard, klinisk ernæringsfysiolog  
Haraldsplass Diakonale Sykehus

Kl. 12.10 Kaffipause

Kl. 12.25 **Gylne måltidsøyeblikk**

v/Gunnvor A. Sunde, kjøkkensjef Gloppen kommune

Kl. 13.10 **Odda eldreråd** presenterer seg og arbeidet med  
eldrerådet 2018

Kl. 13.25 Lunsj

Kl. 14.25 **Ingen kan gjøre alt – alle kan gjøre litt (meir).**  
**Tips og triks for aktivitet i kvardagen**

v/Tobba Therkildsen Sudmann, førsteamannensis,  
PhD, fysioterapeut Senter for omsorgsforskning  
Vest/Institutt for helse og funksjon



# PROGRAM

- Kl. 15.10 **Os eldreråd** presenterer seg og arbeidet med eldrerådet 2018
- Kl. 15.25 Kaffipause og innsjekk
- Kl. 15.40 **Gruppearbeid**  
Erfaringsutveksling; eldre og ernæring. Korleis ønskjer vi det skal vere i vårt fylke?
- Kl. 16.25 Fritid fram til middag
- Kl. 19.00 Middag
- helsing frå kst. fylkesrådmann Ingrid Kristine Holm Svendsen
  - kulturinnslag
- 

## ONSDAG

- Kl. 09.00 **Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester – Kva er det og kva kan vi bruke det til?**  
v/Kari Sunnevåg, leiar Utviklingssenter for sykehjem for hjemmetjenester i Bergen kommune
- Kl. 09.45 **Paneldebatt:** Fleire kandidatar over 60 år på listene ved kommune- og fylkestingsvalet.  
Leiar av debatten: Arild Sondre Sekse, seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune
- Kl. 10.45 Utsjekk og kaffipause
- Kl. 11.05 **Eldre i trafikken – kva kan Statens vegvesen tilby?**  
v/Torbjørn Brosvik, Statens vegvesen Region vest
- Kl. 11.50 **Stortingsmelding nr. 15 «Leve hele livet»**  
v/Birte Markeseth Aasen, Fylkesmannen i Hordaland
- Kl. 12.35 **Ny lov om eldreråd 2017. Kva er endra? Kva er nytt?**  
v/Jan Fritjof Bernt, professor Universitetet i Bergen
- Kl. 13.20 Avrunding og oppsummering – vel heim
- Kl. 13.30 Lunsj

# Vedlegg III

**VESTLANDSKONFERANSEN 2018, LOEN 7. – 8. MAI 2018**



Vestlandskonferansen 7. – 8. mai 2018 i Loen

<b>Måndag 7. mai</b>	
11.30 – 12.00	Frammøte
12.00 – 14.00	Pendelbanetur inkludert lunsj på Hoven restaurant. Sven Flo som er ordførar i Stryn vert med oss.
14.15 – 15.00	Velkommen v/leiar Harald Ekroll
15.00 – 15.45	Morgondagens omsorg – velferdsteknologi – korleis vi har møtt kravet til opplæring i Sogn og Fjordane v/ Stryn vidaregåande skule
15.45 – 16.00	Pause
16.00 – 16.45	Velferdsteknologi – kva fagområder utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane jobbar med v/ leiar for utviklingssenteret Marta Strandos
19.00 – 21.00	Middag
<b>Tysdag 8. mai</b>	
08.00 – 09.00	Frukost
09.00 – 09.45	Omlegging av matrutinane ved Lærdal bu- og omsorgsheim v/ kommunalsjef Arne Johansen
09.45 – 10.00	Pause og utsjekk frå romma
10.00 – 10.45	Mat som medisin – god tilpassa ernæring gjennom maten v/ kjøkkensjef i Gloppen kommune Gunnvor Sunde
10.45 – 11.00	Pause
11.00 – 11.40	Livsglede – om livskvalitet, begeistring og aldring v/ Eva Marie Halvorsen
11.40 – 13.00	Aktuelle saker til diskusjon – v/ Harald <ul style="list-style-type: none"><li>• Saker til landskonferansen</li><li>• Organisering av samarbeidet på Vestlandet i framtida</li><li>• Forankring av råda i kommunelova – ny lovendring</li><li>• Representasjon i brukarutvala</li></ul> Tema for neste samling? Evaluering av samlinga Takk for no
13.00 – 14.00	Lunsj



## Vedlegg IV

**LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD, TROMSØ 4. – 6.  
JUNI 2018**



## Landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd

4. - 6. juni 2018

Scandic Ishavshotel Tromsø

### Mandag 4. juni

1100-1130 Innsjekk, registrering, kaffe

1130-1200 Velkommen - kulturelt innslag og praktiske opplysninger  
Konstituering

1200-1300 Lunsj

1300-1430 Tromsøundersøkelsen - av betydning for eldre v/Sameline Grimsgaard, professor ved Institutt for Samfunnsmedisin, UiT

*Norges mest omfattende og best besøkte befolkningsundersøkelse gjennom 40 år. Mer info her:*

[https://uit.no/forskning/forskningsgrupper/gruppe?p\\_document\\_id=367276](https://uit.no/forskning/forskningsgrupper/gruppe?p_document_id=367276)

1445 Vi går samlet sammen med ordføreren i Tromsø til Heracleum bo- og servicesenter (ca 7 min) Vi ordner transport til de som trenger det - gi beskjed.



1515-1600 Besøk på Heracleum bo- og servicesenter, inkl kaffepause

Heracleum har 64 leiligheter og ligger sentralt til i Tromsø sentrum. I bygget finner du kafe, frisør og salgsbu, og i tillegg et godt tilbud innen kurs, klubber, dans og underholdning. Det finnes også dagsenter for hjemmeboende eldre på senteret. Mer info her:

<http://www.tromso.kommune.no/heracleum.121288.no.html>

1630-1730 Fylkeskommunene har ordet (2-3 min hver)

1900 Middag på hotellet

Hilsningstale v/fylkesordføreren i Troms

### Tirsdag 5. juni

0900- 1000 Fylkeskommunene har ordet (2-3 min hver)

1000-1100 Eldre i folkehelsearbeidet v/Ingrid Køhler Knutsen,  
sekretariatsleder Statens Seniorråd

**1100-1115 Kaffepause**

1115-1200 Aldersvennlige samfunn m/Aina Strand, seniorrådgiver  
HoD



## 1200-1300 Lunsj

1330 Tur til Sommarøy Arctic Hotel (SAH) - en naturperle i havgapet på yttersia, også kalt Tromsøs beste vestkant. Mer info her: <https://www.sommaroy.no/>

1500 Ankomst Sommarøya Arctic hotel

1530-1615 «Humor - en viktig livsfaktor for eldre» v/ Nils Magne Knutsen, professor emeritus UiT

## 1615-1630 Kaffepause m/snacks

1630-1730 Lokalhistorie med humor i praksis - Gitar og kultur v/Kjell Ove Hveding, vert på SAH

1730-1800 Fritid. Dere kan selv bestemme hva dere vil gjøre. Husk riktig skotøy og klær etter vær.

1800 Middag på SAH

2100 Avreise til Tromsø

På retur går bussen videre over bruа til Fjellheisen og Ishavskatedralen i Tromsdalen. På Fjellheisen kan man oppleve fantastisk utsikt over byen, mer info her: <https://fjellheisen.no/>. Videre kan Ishavskatedralen by på Midnattsolkonsert kl 2300 (kr 170): Midnattsola kan strømme inn gjennom kirka samtidig som ørene nyter akustiske godbiter. Mer info her:

<http://www.ishavskatedralen.no/info/konserter/midnattssolkonserter/>

For å komme seg tilbake kan man spasere over bruа til sentrum og hotellet (3 km). Eller man kan ta buss rute 20, som går rett ved kirka (kl 23.32). Bussen stopper ved hotellet. Dette er valgfrie aktiviteter/opplevelser som hver og en må betale selv.

Ca 2230 Ankomst Scandic Ishavshotel



## Onsdag 6. juni

0900-0945 Helsefremmende og forebyggende tiltak v/Lars Reigstad,  
ergoterapeut

0945-1000 Pause

1000-1045 Uttalelser/resolusjoner fra landskonferansen  
(innsendt i forkant)

1045-1115 **Kaffepause og utsjekking**

1115-1200 Yngre og eldre brukere av helsetjenester - ulike behov  
eller forskjellsbehandling? v/Torunn Hamran, professor  
emerita UiT

1200-1215 Pause


1215-1300 Leve hele livet v/Statssekretær i HoD Line M Sandberg

1300 Avslutning v/fylkeseldrerådets leder

1300-1400 **Lunsj**

God tur hjem!





Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.